



Arkivnr: 2015/9547-4

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		31.05.2016

**Klagesak.****Klage - Uteservering på fortau – fv. 585, uteservering langs Torget, Bergen kommune****Samandrag**

Statens vegvesen Region vest har den 16.09.2015 motteke klage frå advokat Knut Nergaard i Advokatfirmaet Harris. Klagen gjeld uteservering på fortau, langs Torget i Bergen, langs fv. 585, i Bergen kommune. Arealet som det dette gjeld, er fortauet langs med husa på sørsida av fylkesvegen, med fasade mot Torget. Advokat Nergaard representerar eigarar av Torget nr. 7, Torget nr. 9, Torget nr. 13 og Torget nr. 15. Dei konkrete klagepunktene gjeld storleiken på kor mykje offentleg areal som kan leigast ut til uteservering på fortau.

Brevet frå advokat Nergaard er utforma som ei klage på ein e-post sendt frå Statens vegvesen Region vest (vegvesenet) til Bergen kommune v/Trafikketaten den 24.08.15. E-posten er ei oppfølging av eit notat utarbeid av vegvesenet den 18.08.2015. Både e-post av 28.08.15 og notat av 18.08.15 gjeld kva fortausareal vegvesenet vurderer at kan leigast ut til uteservering langs fv. 585, Torget for sesongane 2015 og 2016.

Fortauet langs Torget er eit av dei mest trafikkerte i Bergen. Fortauet er ei viktig ferdselsåre og ein viktig kopling mellom sentrum og store bustadområder nordover mot Sandviken, og har mellom anna mykje trafikk av turistar. Fortauet har to busshaldeplassar og inngår som ein viktig del av gangtilbodet i sentrum. Årsdøgertrafikken på fylkesvegen er målt til 14.500.

Statens vegvesen Region vest har vurdert klaga som underinstans og har ikkje funne å ta den til følgje.

Fylkesrådmannen har vurdert klaga og rår til at klaga frå advokatfirmaet Harris over Statens vegvesen Region vest e-post/vedtak av 24.08.15 angåande uteservering på fortau langs Torget i Bergen, ikkje vert teken til følgje.

## Forslag til vedtak

Klage frå advokat Neergard på vegne av eigare av Torget nr. 7, nr. 9, nr. 13 og nr. 15, over vedtak/e-post av 24.08.15, angåande uteservering langs fortau, Torget i Bergen fv. 585, vert ikkje teken til følgje.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

1. Advokatfirmaet Harris, klage på e-post/vedtak dagsett 24.08.15.
2. Statens vegvesen Region vest, e-post/vedtak dagsett 24.08.15.
3. Statens vegvesen Region vest, notat om uteservering langs Torget for sesongene 2015 og 2016 m/bilder og kart, dagsett 18.08.15.
4. Statens vegvesen Region vest, 23.09.15, mail og justert kart for Torget nr. 3.
5. Statens vegvesen Region vest, oversendelsesbrev dagsett 26.11.15 – tek ikkje klagen til følgje.
6. Statens vegvesen Region vest, brev dagsett 05.11.15 til samferdselsavdelinga, bakgrunn for vurdering av søknader om leige av fortausareal i Bergen sentrum til uteservering på fortau.
7. Kart
8. Bilete av kumm utanfor Torget nr. 15.

**Fylkesrådmannen, 11.04.2016**

**Bakgrunn for saka:**

Statens vegvesen Region vest har, den 16.09.15 motteke brev frå Advokatfirmaet Harris. (Vedlegg 1) Brevet er utforma som ein klage på ein e-post sendt frå vegvesenet til Bergen kommune ved Trafikketaten den 24.08.15. (Vedlegg 2). Denne e-posten gjaldt svar på spørsmål etter eit møte mellom vegvesenet, Bergen kommune v/Trafikketaten, advokat Neergard og drivare av nokre av eigedomane den 20.08.15, angåande uteservering på Torget. E-posten er og oppfylging av eit notat utarbeid av vegvesenet den 18.08.15, «Uteservering langs Torget for sesongane 2015 og 2016». (Vedlegg 3) Både e-posten og notatet gjeld kva fortausareal vegvesenet vurderer at kan leigast ut til uteservering langs fv. 585 Torget for sesongane 2015 og 2016.

Det har vore synfaring ved Torget 3 den 21.09.15, med vegvesenet og Bergen kommune v/Trafikketaten til stades. I E-post frå vegvesenet går det fram at på synfaringa vart det semje om, og målt opp, ei justering av kva areal som kan leigast ut til uteservering framfor Torget nr. 3, denne sesongen. (Vedlegg nr. 4)

I Bergen har det vore praktisert ein ordning der Bergen kommune handsamar søknader om uteservering på fortau langs offentleg veg. Med bakgrunn i ein munleg avtale mellom kommunen og vegvesenet, handsamar kommunen også dei sakene som gjeld uteservering langs fortau langs fylkesveg eller riksveg som er vegnett som vegvesenet har ansvar for. Når kommunen mottek søknader om uteservering på fortau langs fylkesveg eller riksveg, sender kommunen søknader til vegvesenet for uttale. Det går fram av retningslinjer for Bergen kommune for uteservering på offentleg grunn, punkt 8, at: «*Uttalelser frå vegmyndighetene vil bli tillagt stor vekt i den enkelte sak.*»

I denne saka har det kome opp eit spørsmål om uttale (e-post av 24.08.15) frå vegvesenet er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2, og såleis har klagerett. Advokatfirmaet Harris har tolka e-post av 24.08.15 som eit enkeltvedtak. Han skriv i brev av 15.09.15 at : «*Ved skriv fra saksbehandlar Kristina Ebbing Wensaas sendt i e-post av 24. august 2015 til Bergen kommune, trafikketaten, fatter Statens vegvesen vedtak som omfatter uteserveringen på Torget, og som Bergen kommunens trafikketat anser seg forpliktet til å etterfølge.*» Brev av 15.09.15 har overskrifta «Klage». I oversendingsbrevet av 26.11.15, frå vegvesenet, går det fram at uttalane som vegvesenet gjev i uteserveringssaker i Bergen inneheld element av både vegvesenet si rolle som «eigar og som vegstypesmakt», på vegne av Hordaland fylkeskommune som vegeigar. Vegvesenet har vald å sjå på uttalen som eit enkeltvedtak fatta av dei som forvaltningsmyndigkeit knytt til fylkeskommunen som vegeigar. Dette grunna i at kjernen i deira uttale er knytt til deira rolle som «vegstypesmakt» og er difor ei trafikkfagleg vurdering som truleg er myndighetsutøving, jfr. forvaltningslova § 2 1. ledd bokstav a. Vegvesenet sin uttale er bindande, kommunen kan ikkje leige ut arealet i strid med vegvesenet sin uttale. Den trafikkfaglege vurderinga kan difor vera bestemmande for rettigheitene til ein eller fleire bestemte personar, jfr. forvaltningslova § 2 1. ledd punkt a og B, utøving av offentleg mynde. Dette gjeld sjølv om endeleg løyve ikkje føreligg før dei har teikna leigeavtale med kommunen.

Dette er eit enkeltvedtak som kan pålagast. Administrasjonen sluttar seg til denne vurderinga, og legg og vekt på at det og utfrå rettssikkeromsyn er viktig at huseigarane får si sak vurdert på nytt. Vi finn at dette er utøving av offentleg mynde då det i e-post av 24.08.15 går mellom anna fram at vegvesenet ikkje tillet utviding av uteserveringsarealet etter kl. 18, grunngjeving om kvifor Torget nr. 15 har fått mindre uteserveringsareal enn tidlegare angitt og at Torget nr. 3 og får mindre areal til uteservering.

Det går fram av veglova § 9 2. ledd at vegstypesmakt for fylkesvegar er fylkeskommunen. Fylkeskommunen har delegert vegstypesmakt til regionvegkontoret. Det går deretter fram av veglova § 57 2. ledd at det på eigedomsområdet til offentleg veg er forbode utan løyve frå vegstypesmakta 2) å sette reklameinnretning eller **anna innretning**, å legge tømmer, ved, stein, torv, byggemateriale eller anna på annan stad enn der det er laga særskilt offentleg oppslagsplass til slik bruk. I delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune, delegasjon etter særlov, punkt 11, § 57, heiter det at: «*Fylkesrådmannen er vegstypesmakt etter denne paragrafen om løyve til inngrep på eller nær eigedomsområdet til offentleg veg. Klage. Den*

*fylkeskommunale klagenemnda oppnemnd i medhald av forvaltningslova § 28. 2. ledd tek avgjerd i klagesaker der det er klaga over vedtak gjort i medhald av veglova og der fylkeskommunen eller fylkeskommunalt organ er klageinstans.» Fortau er trafikkareal for fotgjengarar (og syklistar) og slikt sett eit trafikkareal på lik linje med vegbane for motoriserte køyretøy. Poenget med regelen i veglovas § 57 er å hindre at trafikkarealet sin funksjon vert redusert. Fortauet si overordna funksjon er å vere ei ferdselsåre for gåande og der det ikkje er sykkelveg, ei ferdselsåre for syklande. I notat av 24.08.15 har vegvesenet mellom anna slått fast at uteserveringsarealet på fortauet ikkje kan utvidast etter kl. 18 om kvelden, dette av hensyn til fotgjengerane, det var framleis mykje ferdsel på fortauet etter kl 18. I notatet går det og fram at Torget nr. 15 og nr. 3 har fått innskrenka sitt arealet som dei kunne nytte til uteservering, av hensyn til at gangarealet på fortauet kunne verte mindre effektivt og at dei ventande på bussen ved busskura like ved, ville då få betydeleg mindre arealet. Med «anna innretring» etter veglovas § 57 2. ledd, kan og forståast å plassere møblar på fortau som skal nyttast til uteservering. Administrasjonen finn at vegvesenet i denne saka har gjort vurderingar etter veglova § 57. Dette sjølv om det ikkje er henvist direkte til veglovas § 57 i e-post av 24.08.15. Det er gjort trafikkfaglege vurderingar av vegvesenet, i eigenskap av å forvalte trafikkarealet på vegne av fylkeskommunen. Dette er ein avgjersle, bestemmande for rettigheter, og utøving av offentleg mynde, og er dermed eit enkeltvedtak (Jfr. vurderinga ovanfor.) Det er klaga over eit vedtak gjort i medhald av veglova, der eit fylkeskommunalt organ er klageinstans. Fylkesrådmanen meiner brev av 26.11.15 frå advokat Harris er i klage, ei klagesak som skal handsamast i den fylkeskommunale klagenemnda.*

#### **Rettssleg grunnlag:**

Det går fram av forvaltningslova § 2 1. ledd at:

- a) «Vedtak, en avgjørelse som treffes under utøvelse av offentlig myndighet og som generelt er eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter);
- b) Enkeltvedtak, et vedtak som gjelder rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer.

Det går fram av forvaltningslova § 28 1. ledd:

*«Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»*

Forvaltningslova § 28 2. ledd seier:

*«For enkeltvedtak som er truffet av forvaltningsorgan opprettet i medhold av lov om kommuner og fylkeskommuner, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller etter disses bestemmelser, formannskapet eller fylkesutvalget eller en eller flere særskilte klagenemnder oppnevnt av kommunestyret eller fylkestinget.»*

Forvaltningslova § 33 annet ledd lyder:

*«Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»*

Veglova § 1 a lyder:

*«Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape størst mogeleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.»*

Det går fram av veglova § 9 2. ledd 1. og 2. setning at:

«*Vegstyresmakt for fylkesvegar er fylkeskommunen. Fylkeskommunen kan deletere styremakt til regionvegkontoret og kommunen.»*

Veglova § 57 1. og 2. ledd seier:

«*Det er forbode å skade offentlig veg eller å skade eller ta bort innretning som hører til offentleg veg».*

På egedomsområdet til offentlig veg er det forbode utan løyve fra vegstyresmakta

- 1) å grave, spreng, ta bort masser, hogge tre eller gjere anna inngrep,
- 2) å sette reklameinnretning eller anna innretning, å legge tømmer, ved, stein, torv, byggemateriale eller anna på annan stad enn der det er laga særskilt offentleg oppslagsplass til slik bruk.
- 3) Å kaste eller legge søppel, ugras e.l. eller å leide kloakkvann eller drensvann.

#### **Klagen:**

Advokatfirmaet Harris ved advokat Knut Nergaard representerer eierne av Torget nr. 7, Torget nr. 9, Torget nr. 13 og Torget nr. 15. Klagen gjeld 4 konkrete punkt. I tillegg inneholder klagen merknader om vedtaket og om Statens vegvesen sin forvaltning av fortausareala generelt, og langs Torget spesielt.

Klagen lyder slik kva gjeld punkt 4, konkret klagepunkter og punkt 5, oppsummering.

«4.1. Serveringsstedene ber om at uteserveringsarealet endres fra den «generelle 4 meter» til en generell 3 meter etter kl. 18. Dette er avslått av Vegvesenet.

*En ordning om større serveringsareal etter kl. 18 har vært anvendt i mange år uten at det har skapt problemer. Det er på ingen måte «så mye trafikk på fortuet» til at dette berettiger å fravike den fleksibilitet som har vært tidligere år.*

#### **4.2. Innsnevret areal utenfor Torget 15.**

Vegvesenet har ytterligere innsnevret areal utenfor Torget 15. I e-post av 24. august 2015, nå som begrunnelse for «kummen på stedet». Man har hatt uteservering utenfor Torget 15 siden ca. 1997 uten angjeldende kum har gitt noen problemer. I fall man nå mener at området nå er «mindre effektivt gangareal her», kan dette gjøres med små enkle tiltak. Serveringsstedet bidrar gjerne i så måte.

#### **4.3. Utenfor Torget 3.**

Fylkeskommunen bes også gjennomgå arealet utenfor Torget 3 som vegvesenet sier «får betydelig mindre areal i denne runden». For dem som ferdes på stedet daglig kan ikke se at det er korrekt observasjon at det «er for trangt her.»

#### **4.4. Markiser**

Vegvesenet har med bred penn krevet at enden på markisene skal ligge innenfor serveringsarealet. Den eneste begrunnelsen som gis for dette standpunkt er «dråpefall på fotgjengere». Serveringsstedene har ved gjennomgang sett at utforming etter leiearealene vil medføre uheldig design av markisene på Torget, og dermed være i strid med Bergen kommunes ønske om et helhetlig preg over markisene. Serveringsstedene ber derfor om å få anledning til å sette opp markisene på funksjonell måte. Den tekniske løsning for dråpefall er etablering av vannrenner nederst på markisene, og avløp på det eksklusive serveringsareal. (For ordens skyld: dette momentet har ikke vært vurdert tidligere i saken.) For ordens skyld bekrefter jeg markisehøyde 240 må overholdes. På denne måte vil for øvrig markisene bli en skjerm også for fortauspublikummet på enkelte steder.

#### **5. Oppsummering.**

*Serveringsstedene har hatt en konstruktiv dialog med Bergen kommunes trafikketat. Man håper på en tilsvarende dialog med veieier og «fortausbesitter» Hordaland fylkeskommune. Om Statens vegvesen også vil utvide sine vurderinger i klageomgangen, og således gi medhold på nærværende klage, ville det være å foretrekke. «*

Det vert vist til klagen i sin heilhet.

**Statens vegvesen si vurdering:**

Statens vegvesen Region vest viser til at dei overordna føringane som ligg til grunn for vurderingane deira, i hovudsak er knytt til lokale, regionale og nasjonale målsetjingar om universell utforming av transportsystemet og tilrettelegging for meir gang-, sykkel- og kollektivtrafikk i Bergen. Dei viser og til brev sendt Hordaland fylkeskommune ved samferdselsavdelinga den 05.11.15. Dette brevet gjeld bakgrunn for vurdering av søknader om leige av fortausareal i Bergen sentrum, til uteservering av fortau. (Vedlagt brevet var og Bergen kommune sine «*retningslinjer for uteservering i på offentlig grunn i Bergen sentrum*» og Statens vegvesen notat «*Prinsipp for vurdering av søknader om leige av fortausareal i Bergen sentrum til uteservering sesongen 2014*» som framleis vert nytta).

Vegvesenet ser at uteserveringar er eit viktig element i ein levenda by, og er i utgangspunktet positiv til å leige ut fortausareal til uteservering der fortaua er så breie at det er rom for det. Dei kan imidlertid ikkje sjå at det er grunnlag for å prioritera omsynet til uteservering framfor omsynet til ferdsle på fortauet.

Vegvesenet viser til at denne prioriteringa er i samsvar med prioriteringane som kjem fram i veglova § 1 a. Fortaua sin overordna funksjon i byen er å vere ei ferdselsåre. Framover skal fleire gå, og ein skal legge til rette for at det skal vere attraktivt å gå for alle. Dei peiker på at vegvesenet har som oppgåve å sikre trygg og god framkomelegheit for alle trafikantgrupper. I Bergen sentrum skal mykje av trafikkauken framover kome på fortaua, og på busshaldeplassane som ligg i tilknyting til dei. Nødvendig trafikkareal på fortau kan difor ikkje leigast bort til andre formål.

Når det gjeld klagens punkt 4.1, førespurnad om redusert breidd på gangarealferdselssona på fortauet frå 4 til 3 meter etter kl. 18, er vegvesenet imot ei slik ordning. Dei viser til at fortauet langs Torget er eit av dei mest trafikkerte i Bergen, noko som er ein del av bakrunnen til at vegvesenet legg til grun at det er behov for ei 4 meter brei ferdselssone. Dei skriv at fortauet langs Torget er eit viktig tilbod til gåande og kollektivreisande, men er og hovudrute for sykkel. Det er ikkje eige tilbod til syklistar her i form av sykkelveg eller sykkelfelt. Der hovudrute for sykkel går langs slike vegar, er det eit generelt prinsipp at ferdselssona skal vere 4 meter brei. Årsdøgertrafikken over Torget er 14.500. Av dette er 12 % lange køyrety. Å sykle i blanda trafikk er lite attraktivt, mange vel difor å sykle på fortauet. Det vert deretter vist til at det etter kl 18 fortsatt er behov for ekstra fortusbredde av omsyn til mykje gangtrafikk og sykkeltrafikk. Ordninga med smalare fortau etter kl. 18 er ei ordning som er avvikla, etter vegvesenet sitt syn er det ikkje grunnlag for å ta den fram att.

Angåande klagens punkt 4.2, innsnevra areal utanfor Torget 15, på grunn av kummen på staden og oppsamling av vann, hevder vegvesenet at det er behov for meir areal utanfor nr. 15. Det går fram at Torget 15 har fått mindre areal enn tidlegare. På grunn av kummen, vert det hevda at det er mindre effektivt gangareal her. Kummen ligg i ein nedsenking. Kummen og hellinga rundt kan gjere det vanskeleg for rullestolbrukerar og folk med barnevogn å passere. Når det gjeld mogelegheita for å utbetre tilhøva rundt kummen, viser vegvesenet til at det er vanskeleg å gjera det, slik veganleggjett ligg idag. Kummen er ein overvasskum som skal drenere bort overvatn frå fortausarealet. Den må difor ligge på det lågaste punktet. Ei anna handtering av overvatnet her, vil krevje at hellinga på fortauet vert endra, noko som inneber ei større ombygging av veganlegget.

Angåande klagens punkt 4.3, endringar utanfor Torget nr. 3. Vegvesenet viser til at dei etter at e-posten vart sendt, har vore i dialog med serveringsstaden adresse Torget 3. Det har blitt semje om ei justering av kva areal som kan leigast ut. (Sjå vedlegg 4) Vegvesenet ser ikkje behov for å handsame dette klagepunktet.

Når det gjeld punkt 4.4. i klagen, markiser, presiserer vegvesenet at det er eit krav at markiser skal vere innanfor serveringsarealet. Vegvesenet har ikkje fått førespurnad om å uttale seg om konkrete søknader om særlege tilpassingar av markiser. Då det ikkje føreligg ein uttale om dette, finn vegvesenet at det ikkje er nokon avgjerd frå deira side som kan klagevurderast. Dei finn ikkje grunnlag for å handsame dette klagepunktet.

Vegvesenet finn ikkje grunnlag for å handsame klagens punkt 4.3 og 4.4.

Dei har vurdert klagen men finn ikkje å kunne ta den til følgje.

#### **Fylkesrådmannen si vurdering:**

Statens vegvesen Region vest har vurdert klagen på e-post av 24.08.15 med bakgrunn i lokale, regionale og nasjonale målsetjingar om universell utforming av transportsystemet og tilretteleging for meir gang-, sykkel- og kollektivtrafikk i Bergen. Det vert og vist til brev av 05.11.15 frå vegvesenet til samferdselsavdelinga, «*Bakgrunn for vurdering av søknader om leige av fortausareal i Bergen sentrum til uteservering på fortau*», notat av 18.08.15 frå vegvesenet «*Uteservering langs Torget for sesongene 2015 og 2016*» samt til notat av 21.03.2014 «*Prinsipp for vurdering av søknader om leige av fortausarela i Bergen sentrum til uteservering sesongen 2014*».

Ad. Klagens konkrete klagepunkt

#### Ad. Klagens punkt 4.3, endringer utanfor Torget nr. 3.

I klagen bes Fylkeskommunen også gjennomgå arealet utanfor Torget nr. 3 som ifølgje advokat Nergaard, vegvesenet seier at «*får betydelig mindre areal i denne runden*». «*For dem som ferdes på stedet daglig kan ikke se at det er korrekt observasjon at det «er for trangt her»*», ifølgje advokat Nergaard. Fylkesrådmannen vil kort vise til at det her har blitt semje mellom Statens vegvesen Region vest/Bergen kommune og serveringsstaden om kva areal som kan leigast ut. Fylkesrådmannen kan difor ikkje sjå at det er grunn for å handsame dette klagepunktet. (For ordens skull, skal det nemnast at advokat Nergaard representerar eigarar av Torget nr. 7, 9, 13 og 15, ikkje eigarar av Torget nr. 3)

#### Ad. Klagens punkt 4.4. Markiser.

Advokat Nergaard viser i klagen til at vegvesenet krev at enden på markisene skal vere innanfor serveringsarealet. Han peikar på at den einaste grunngjevinga for dette er dråpefall på fotgjengarane. Det går fram av opplysningane frå vegvesenet at det er eit krav om at markiser skal vere innanfor serveringsarealet. Dette kravet er ikkje nytt og har i fleire år vore ein del av leigekontraktane kommunen har inngått med serveringsstaden om uteservering. Det går fram av oversendingsbrevet av 26.11.15, at vegvesenet ikkje hadde fått førespurnad om å uttale seg til konkrete søknader om særlege tilpasningar av markiser. Det føreligg ikkje nokon uttale om dette, og av den grunn heller ikkje nokon avgjerd som kan klagevurderast. Fylkesrådmannen kan difor ikkje sjå at det er grunnlag for å vurdera klagens punkt 4.4.

Det er difor klagens punkt nr. 4.1 og 4.2 som vert handsama her.

#### Ad. Klagens punkt 4.1, Endring av uteserveringsarealet etter kl. 18.

Klager krev redusert breidde på gangareal/ferdselssona på fortauet frå 4 meter til 3 meter etter kl. 18, slik at uteserveringsarealet kan verte større etter kl. 18. Det vert hevda at ein ordning om større serveringsareal etter kl. 18 har vore anvendt i mange år utan at det har skapt noko problem. Det vert peika på at det på denne tida ikkje er så mykje trafikk på fortauet.

Administrasjonen vil her vise til at det går mellom anna fram av notat om «*Uteservering langs Torget for sesongane 2015 og 2016*» at «*Med bakgrunn i trafikkmengden og trafikkmangfoldet på Torget, har vi vurdert at en bredde på minimum 4 meter må være open for fri passasje*». I notat av 21.03.14 frå

vegvesenet går det fram at :» *Generelle prinsipp: På fortau med stor gangtrafikk skal ferdselssona vere minimum 4 meter bred.*» Vegvesenet ynskjer ikkje ei slik ordning og argumenterer med at det framleis er mykje trafikk på fortauet også etter kl 18. Fylkesrådmannen legg vekt på at fortauet langs Torget, fv. 585, er eit av dei mest trafikkerte i Bergen, noko som kan tale for at det er behov for ei 4 meter brei ferdselssone. Fortauet langs Torget er mellom anna ei viktig kopling mellom sentrum og store bustadområder mot Sandviken, det har mykje turisttrafikk, to busshaldeplassar og inngår som ein viktig del av gantilbodet i Sentrum.I tillegg til å vere eit viktig tilbod for gåande og kollektivreisande, er fv 585 Torget hovudrute for sykkel. Det er ikkje eige tilbod for syklistar her i form av sykkelveg eller sykkelfelt. Slik fylkesrådmannen ser det, er det også etter kl. 18 mykje gangtrafikk og sykkeltrafikk på dette fortauet, og difor framleis behov for ekstra fortausbredde av omsyn til gåande og syklande. Fylkesrådmannen legg vekt på at ein utvida bruk av fortausarealet til uteservering etter kl 18 og vil kome i konflikt med målsetjingane om universell utforming og tilrettelegging for meir gang-, sykkel og kollektivtrafikk. Dette taler mot å godkjenne ein utvida bruk av uteserveringsarealet etter kl. 18.

#### Ad. Klagens punkt 4.2 innsnevra areal utanfor Torget nr. 15.

Advokat Nergaard peikar på at vegvesenet ytterlegare har snevra inn arealet utanfor Torget nr. 15, dette ved e-post av 24.08.15, med grunngjeving i «kummen på staden». Han viser til at det har vore uteservering utanfor Torget nr. 15 sidan 1997 utan at kummen har gjeve noko problem. Vegvesenet meiner at på grunn av kummen vert gangarealet mindre effektivt her, medan advokat Nergaard meiner og at gangarealet kan gjerast meir effektivt med enkle tiltak. Vegvesenet meiner problemet ikkje kan løysast med enkle tiltak, men at handtering av overvatnet her vil krevje ein større ombygging av veganlegget over Torget.

Ved handsaminga av denne klagesaka har ein frå administrasjonen vore på staden og vurdert fortausarealet, og mellom anna kummen framfor Torget nr. 15, den 15.04.16. Ein kunne då sjå at kummen låg i ein nedsenking på fortauet og at det var ein helling rundt kummen. Ein kunne og sjå at fortausbredda var snevra inn, like ved. Fortauet langs Torget er som tidlegare nemnt, eit av dei mest trafikkerte i Bergen. Dette taler for at det er behov for ei 4 meter brei ferdselssone. Det er ofte slik at kummar kan snevre inn den faktiske fortausbredda. Ein kum i utkanten av eit fortau, kan lede mellom anna syklistar og rullestolbrukarar bort frå den delen av fortauet, av di kummen kan vere ubehageleg å passere. I denne konkrete saka ligg kummen i ein nedsenking på fortauet. Kummen og hellinga rundt kan gjere det vanskeleg å passere for mellom anna syklistar, rullestolbrukarar og folk med barnevogn. Dette er argument mot å tillate uteservering på større areal utanfor Torget nr. 15.

Fylkesrådmannen ser at uteserveringar er eit viktig element i ein levande by, ein berikelse for sentrum og bidrar til liv i byrommet. Fylkeskommunen i eigenskap av vegeigar, er positive til å leiga bort fortausareal til uteservering på offentleg areal i sentrum, under forutsetnad at framkomelighet og sikkerheit på gater og fortau er ivaretake. Fylkesrådmannen finn imidlertid ikkje at det er grunnlag for å prioritere omsynet til uteservering framfor omsynet til ferdsla på fortauet. Denne prioriteringa er i samsvar med prioriteringane som kjem fram i veglova § 1 a.

Fortaua sin overordna funksjon i byen er å vere ei ferdelsåre. Framover skal endå fleire gå, og ein skal legge til rette for at det skal vere attraktivt å gå for alle. Framover skal mykje av trafikken gå på fortaua, og busshaldeplassana som ligg i tilknytning til dei. Fylkesrådmannen finn her at ein må prioritera omsynet til ferdsla på fortauet framfor omsynet til uteservering. Naudsynt areal på fortaua kan ikkje leigast bort til andre føremål.

Fylkesrådmannen finn på denne bakgrunn å rá til at klage frå Advokatfirmaet Harris v/ advokat Nergaard over vedtak/e-post av 24.08.15 angående uteservering langs Torget i Bergen, fv. 585 Torget, ikkje vert teken til følgje.